



Vakker konsert i Uskedal kyrkje

Det var eit godt frammøte frå mange bygder til gospelkonserten i kyrkja i laurdag kveld. Brørne Nordstrand frå Austevoll gjesta Uskedal kyrkje i jubileumsåret 2014. No er dei på ny 3 dagars turne saman med den amerikanske pianisten Brad White.

Musikalsk var konserten i går langt betre enn sist. Frå å vera ein konsert med all musikken på boks fekk vi no oppleve ein framifrå trio og kvartett med tonefylgje og klaverspel av høg kvalitet. Gruppa er lun og opne i si formidling og mannsrøystene har god klang og uttale. Å engasjera kyrkjelyden er ikkje alltid enkelt, men Brad White lukkast i få alle med i song og rørsle.

Vi ser fram til at Uskedalen som ei sentrumsbygd i Kvinnherad vert lagt inn i turneplanane til slike song- og musikkgrupper.

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland